

Til  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/ Arvid Stenehjem, Frm-personal

Førde, 5.februar 2016

## **REFERAT FRÅ SAMARBEIDSMØTE 26.01.16**

### **Deltakarar:**

Arvid Stenehjem (SFFK), Wenche Elveseter, Heidi H. Flatjord, Evi Ollikainen, Arnhild Melve, Bodil Ryste (alle Stamina Bedriftshelseteneste).

### **Føremålet med møtet var**

- gjennomgang av ny avtale etter inngåing av ny kontrakt om levering av bedriftshelestenester til Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- presentasjon av nye tenester frå Stamina
- oppsummering av leverte tenester i 2015 (årsmelding)
- planlegging av overordna tenester i 2016

### MTM

Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjennomfører MTM annakvart år. Det er såleis tid for ny runde med MTM hausten 2016. Stenehjem ønskjer at det vert gjennomført ei kursrunde i forkant av ny MTM, der rådgjevar frå Stamina går gjennom korleis ein kan forstå resultat frå spørjeundersøkjinga. Stenehjem ønskjer at dette vert organisert slik at ein samlar mange/når fram til mange samstundes.

### Endring/omstilling

SFFK har eige prosjekt i høve omstillingsarbeid; SFJ 2019. Per i dag ikkje aktuelt med bidrag frå Stamina.

### LAMU-dagar

vart gjennomført for Sogn og Sunnfjord på tampen av fjaråret. I Nordfjord var det såpass få påmeldde at vi valde å utsetje dagen. Deltakarane gav gode tilbakemeldingar på opplegget, og gav uttrykk for at tilbodet var nyttig og etterlengta. Det vart avtalt i møtet at det er aktuelt å vidareføre slike dagar som eit årleg tilbod for å oppretthalde og utvikle god HMT-kompetanse mellom LAMU-medlemmer, og for gi utvalsmedlemmer ny inspirasjon gjennom fagleg påfyll og kunnskapsdeling med kollegaer frå andre LAMU. Stamina tek ny kontakt med Nordfjord for å avtale kva tidspunkt dei ønskjer sin dag, og elles vert dette noko som SFFK og Stamina i utgangspunktet har som eit fast opplæringsstiltak for kvar region på hausten.

### Organisering/handlingsplan

Stamina ønskjer å nå ut til alle einingane i SFFK, noko Stenehjem samtykkjer i. Det vert avtala at vi tek kontakt med alle einingar for oppdatering og/eller utarbeiding av handlingsplan i første halvår av 2016. Normalt sett fylgjer ein tidlegare avtala årshjul, med kontakt med einingane for utarbeiding av handlingsplan i etterkant av årsmeldingane frå LAMU, men på grunn av anbodsprosess, er det ikkje alle einingar som har oppdatert handlingsplan frå januar 2016. Stenehjem informerer om endring i organisering for bygg- og

eigedomstenesta, der til dømes vaktmeistrar ute på skulane har sin nærmeste leiar i Bygg- og eigedomstenesta, og ikkje lenger lokalt på skulen. Stenehjem informerer òg om at PPT i Sogndal ikkje lenger er i Fylkeskommunen. Eid og Vågsøy PPT er organisert under Fylkeskommunen.

Når det gjeld igangsetjing av tiltak i einingane, er det framleis slik at Stenehjem må stå på kopi på handlingsplanar og bestillingar. Stenehjem vil ta snarleg kontakt dersom han har innspel til bestillingar og avtalar som er gjort. Oppdrag som ligg utanfor det lovpålagte BHT-arbeidet, må alltid avklarast med Stenehjem. Gjennomføring av LAMU-dagar og HMT-dagar med einingar er å sjå som godkjente oppdrag, men Stenehjem må informerast om pris og innhald.

### Årsrapport

Som tidlegare år rapporterer dei ulike LAMU på eige skjema, og Stamina bidreg med oppsummering av desse årsrapportane. Oppsummeringa vert deretter handsama i HSU. Det har kome tilbakemelding frå HSU om «synsing» i desse oppsummeringane, og at dei ikkje har vore konkrete nok. Stenehjem ønskjer for eigen delle som kontaktperson at det vert gitt kommentarar og innspel i oppsummeringa. Vi kjem fram til at dette skal løysast med at vi lagar to dokument frå Stamina: Eitt dokument som konkret oppsummererer innhaldet i årsmeldingane frå LAMU som går til HSU, og eitt dokument der Stamina drøftar og vurderer svar og resultat av tidlegare arbeid og tiltak, og gir innspel til Stenehjem om kva vi som bedriftshelseteneste kan bidra med vidare i høve ulike problemstillingar.

### AKAN

Rådgjevar Evi Ollikainen jobbar saman med Arvid Stenehjem i høve gjennomgang av AKAN-reglement.

### Staminamodellen/Staminabarometeret

Wenche Elveseter presenterer Staminamodellen og Staminabarometeret for Stenehjem. Presentasjon og noko meir informasjon om Staminabarometeret er sendt Stenehjem i etterkant. Det vart drøfta å gjennomføre pilot i nokon/ei eining, og Mo og Øyrane vgs vart nemnd som mogeleg kandidat. Stenehjem gav klarsignal til å gjennomføre pilot med Staminabarometeret i ei eining. Mo og Øyrane vgs blir spurt i første omgang, og Stenehjem har allereie formidla vidare informasjonsmateriale til Liv Horvei og Paul Lemvik. Rektor har bede om noko nærmare orientering før dei avgjer om dei ønskjer å vere «pilot». Gjennomføring av Staminabarometer for øvrige einingar må forankrast i HSU.

### Helsekontroll fokus livsstil

Denne type helsekontroll vart utført som pilotprosjekt for ei eining i 2013, og for ei eining i 2016. Det har frå SFFK si side vore avtale om at berre dei «lovpålagte» helsekontrollane skal utførast, og at det er risikovurderinger som ligg til grunn for tilråding om helsekontroll. Mange i Fylkeskommunen er eksponerte for ein del faktorar som kan påverke risiko for utvikling av livsstilsrelaterte plager, som t.d. stillesitjande arbeid, reiser og opplevd negativt stress. Det vert avtala at Stamina lagar eit framlegg til gjennomføring av slike typar helsekontrollar for alle tilsette til Stenehjem for vidare vurdering og drøfting i eit seinare samarbeidsmøte. Eit slik framlegg kan t.d. ta med organisering og kostnad dersom ein legg opp til ei rullering med at eit visst tal tilsette får tilbod om slike livsstilskontrollar årleg. Sidan det ikkje vart avtalt noko konkret om kva tid det er aktuelt for SFFK å vurdere tiltaket, ventar Stamina med å lage eit slikt framlegg til Stenehjem ev. konkret bestiller dette.

### Sterkare tilbake

Wenche Elveseter og Bodil Ryste informerer om konseptet «Sterkare Tilbake». Det blir avtala å sende presentasjon og informasjon til Stenehjem i etterkant. Tiltaket kan vurderast i einskildtilfelle og/eller for grupper av tilsette, men berre etter dialog med leiar og tilsett. Tiltaket kan presenterast i møte og ved

eventuell deltaking i LAMU. Finansiering må alltid avklarast i forkant (BHT-budsjett, lokalt budsjett, søknad om førebyggings- og tilretteleggingstilskot).

**Konflikthandtering**

Det vert etterspurt om Stamina skal bidra i arbeidet med rutinar for konflikthandtering. Stenehjem informerer om at det v/ personalsjef pågår arbeid med å lage «oppskrift» for konflikthandtering, og at dette er eit samarbeid med Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommune. SFFK kjem tilbake til Stamina med eventuell bestilling på bidrag.

**Oppsummering av avtalar gjort i møtet:**

- Stamina bidreg i førebuing til MTM, med kurs for aktuelle tilsette i korleis ein tolkar resultata frå MTM
- Stamina tek kontakt med alle einingar som ikkje har oppdatert handlingsplan i løpet av januar-mars 2016. Deretter fylgjer vi årshjul med dialog i etterkant av årsmelding frå LAMU.
- Stamina utarbeider to rapportar etter årsmeldingane frå LAMU, ein til HSU og ein meir utfyllande til kontaktperson Stenehjem
- Stamina sender informasjon om Staminabarometeret, Sterkare tilbake og framlegg til gjennomføring av helsekontroll fokus livsstil til kontaktperson Stenehjem
- Stamina kan setje i gang pilot på Staminabarometeret på Mo og Øyrane vgs

Med venleg helsing

**Stamina avdeling Førde og Sogndal**

Arnhild Melve

Arnhild Melve, kundeansvarleg/bedriftsfysioterapeut